

RIKSTEATRET



# Årsmelding 2011

# KULTURELLE BYGGEKLOSSAR

Heilt sidan oppstarten i 1949 har Riksteatret vore ein av dei viktige kulturelle byggeklossane i Noreg, og har sikra at alle innbyggjarane i landet, same kor dei bur, skal ha tilgang på gode kunst- og kulturoppleivingar. Det er ikkje berre geografi som skaper skilje i samfunnet vårt og som kan stå i vegen for ei rettferdig fordeling av kulturgodene. Derfor er god formidling og kommunikasjon, publikumsutvikling og inkludering noko vi arbeider grundig og systematisk med heile tida. Konkuransen om å fange merksemda til folk er blitt større, men vi opplever at den omreisande verksemda vår er eit viktig bidrag til demokrati og ytringsfridom for publikum over heile landet.

Vi arbeider heile tida med å tilby ein god balanse mellom smale og breie uttrykk som skal vere eit tillegg til det lokale kunst- og kulturtildelingset, og vi er opptekne av å ta samfunnsansvar. I året som gjekk har vi valt å rette lyskastarane våre mot viktige tema som rus i familien og justismord. Med framsyningane Meg eier ingen, der vi samarbeidde med rusorganisasjonar og gjennomførte eit gjestespel til Berlin, og Jeg var Fritz Moen, som vi co-produksjerte med teiknsspråkteatret Teater Manu, har vi skapt gode debattar og mykje engasjement. På den lysare sida kunne vi presentere suksessen Evig ung frå Det Norske Teatret som skapte ei stor, begeistra bølgje av latter gjennom landet, og den frekke figurteaterkomedien Dickie Dick Dickens som vi co-produksjerte med årets samarbeidsteater Oslo Nye Teater. Saman med Oslo Nye har vi òg lykkast med å sende ut fleire

framsyningar med barneteater, som det er stadig større etterspurnad etter, og sett i gang ei ny stor satsing på figurteaterfeltet, som vi har store forventingar til i åra som kjem.

Innanfor dans sende vi dei to svært ulike framsyningane, Bloom og The man at the tramstop, ut på vegen. Den første fann eit stort publikum, og den siste blei kanskje litt for smal. Vi har dessutan etablert eit nært samarbeid med fleire aktørar innanfor dansemiljøa, særleg med den nye kunstnarlege leiinga på Dansens Hus. Dette gir håp om eit løft for formidling av dans på Riksteatret fram mot 2013 når vi skal feire 20-årsjubileum for satsinga vår på dans. Vi er kunstnarleg ambisiøse på Riksteatret og heile tida på jakt etter dei gode, relevante historiene som treffer dagens menneske. Å leggje eit repertoar som skal nå så mange og så breitt, vil og skal alltid vere forbunde med risiko. Repertoaret vårt blir omhygget sett saman i dialog med dei som skaper kunsten og med arrangørane våre som har nærblikk med publikummet vårt. Somme gonger treffer vi, andre gonger tar vi heilt feil. Men med få unnatak har tilbakemeldingane frå presse og publikum dette året vore bra.

UNDSET blei sett opp på nytt og fekk òg god omtale. Tanken var at dette skulle vere siste runde for solo framsyninga som har vore spelt meir en 220 gonger, men til hausten er UNDSET invitert til Den Nationale Scene i Bergen som gjestespel, og kanskje blir det òg ein turné i USA i 2013.



Foto: Erik Berg

I Grunnlova står det at styresmaktene har ei positiv plikt til å halde oppe ein kulturell infrastruktur i landet vårt, og å leggje til rette for ein opplyst samtale. Frå vårt utsiktspunkt ser det ut til å stå betre og betre til med infrastrukturen. Det blir bygd nye kulturhus frå Hammerfest i nord til Kristiansand i sør. Håpet vårt er at byggjeprosjekta òg får driftsmiddel som sikrar tilsetting av profesjonelle fagfolk i arrangørleddet og gode driftsvilkår. Same kva skal vi fortsette å arbeide for å fylle både nye og gamle hus med eit relevant, fullverdig, profesjonelt scenekunsttilbod, og leggje til rette for den opplyste samtalen.

Ei av dei viktigaste og mest inspirerande tilbakemeldingane vi fekk i 2011, kom frå arrangøren i Melhus etter at dei hadde hatt besøk av Meg eier ingen – der heile lokalsamfunnet hadde samla seg til fokusdag for rusomsorg: "Jeg vil med denne e-posten takke så meget for Riksteaterets besøk her hos oss. Vi hadde lagt opp til en fagdag rundt temaet rus og de fleste som jobber med dette

**“** Det er ikkje berre geografi som skaper skilje i samfunnet vårt og som kan stå i vegen for ei rettferdig fordeling av kulturgodene.

fagfeltet i kommunen deltok på fagdagen. (...) Tilbakemeldingene fra kollegaer er enorme, mange ble grepet av stykket og det at vi i kommunen kan "bruke" Riksteateret på denne måten er flott! Vi som jobber med kultur har jo bare en "bi-rolle" i arbeidet med rus, men når det kommer til å se sammenhenger med andre aktører er vi egentlig ganske flinke."

Jan Erik Landrø, Virksomhetsleder, Melhus Kommune.

Da opplever vi at vi arbeider med noko stort og viktig, noko som grip inn i kvardagen og endrar den.

A handwritten signature in black ink, appearing to read "Ellen Horn".

Ellen Horn  
Teatersjef

“ Et varmt far-datterportrett (...) Mange vil bli glad i denne pappaen” NRK

# MEG EIER INGEN

Av Åsa Linderborg. Dramatisert av Emma Broström.

SCENEVERSJONEN AV ÅSA LINDERBORG'S ROMAN BLEI EIN PUBLIKUMSVINNER MED GJESTESPEL I BERLIN ETTER TURNÉ.

Med Dennis Storhøi, Trude Øines,  
Brit Elisabeth Haagensli, Ingri Enger Damon,  
Stein Grønli, Linda Tørklep, Yngve Berven og  
Kai Kenneth Hanson.

Av Åsa Linderborg  
Dramatisert av Emma Broström  
Omsett av Hilde Hagerup  
Regi og omarbeiding Michaela Granit  
Scenografi- og kostymedesign Karin Lind  
Dramaturg Tine Thomassen  
Lysdesign Chrisander Brun  
Lyddesign Gunnar Innvær  
Maskedesign Erika Brathole  
Filmkonsept og regi Michaela Granit  
Gjestespelet i Berlin ble gjort mulig gjennom støtte  
frå UD og De nordiske ambassader i Berlin.

Noregspremiere i Nydalens/Oslo 3. februar.  
Turnépremiere i Halden 8. februar.

Framsýningar: 50  
Publikum: 15031

Etter framsyninga inviterte vi publikum til ”baksnakk”. Takk til organisasjonane Kirkens Bymisjon, Barn og Unge, Barn av rusmisbrukere, Mestringshusene og RBUP for godt samarbeid.



foto: L-P Lorentzen

**“Hysteriske tilstander i salen”**  
Frå framsyningsrapport,  
Hammerfest 30. januar 2011

# EVIG UNG

**Av Erik Gedeon**

PUBLIKUM UTANFOR OSLO FEKK HØVE TIL Å OPPLEVE SUKSESEN  
FRÅ DET NORSKE TEATRET.

Med Charlotte Frogner, Anders Rogg, Trond Høvik /  
Hallvard Holmen, Gjertrud Jynge/Ingrid Jørgensen  
Dragland, Marit Kolbræk, Thomas Bye og Håkon Moe.

Av Erik Gedeon  
Omsett av Marit Tusvik  
Omarbeidd av Klas Abrahamsson og Erik Gedeon  
Regi Erik Gedeon  
Scenografi og kostymedesign Mia Runningen  
Lysdesign Terje Wolmer  
Maskedesign Nina Bloch  
Dramaturg Cecilia Ölveczky

Turnépremiere i Vadsø 27. januar  
Eit samarbeid mellom Det Norske Teatret  
og Riksteatret

Framsyningar: 52  
Publikum: 16724



foto: Det Norske Teatret

“

Å gå ut av en teatersal og høre godt voksne menn bruke ord som «fantastisk» og «rørende» om et dukketeater, hører med til sjeldenheterne i livet.”

UNIVERSITAS

# BABY UNIVERSE

Av Wakka Wakka

"FAR MORE THAN A PUPPET SHOW, BABY UNIVERSE IS A THEATRICAL EVENT THAT SHOULD NOT BE MISSED." BACKSTAGE, N.Y.

Med Melissa Creighton, Andy Manjuck, Peter Russo, Kirjan Waage og Gwendolyn Warnock.

Regi, konsept og manus Kirjan Waage og Gwendolyn Warnock

Dukker Kirjan Waage

Kostyme- og maskedesign Gwendolyn Warnock

Musikk Lars Petter Hagen

Videokunst Naho Taruishi

Lysdesign Katherine Leahy

Lysdesign turnéversjon Alex Goldberg

Lyddesign Brett Jarvis

Scenografi Wakka Wakka & Joy Wang

Regikonsulent Daniel Goldstein

Støtta av: Norsk kulturråd, Figurteateret i Nordland,

The Princeton Atelier, The Jim Henson Foundation,

The Watermill Center, The Puffin Foundation,

Spenn.no og Fond for lyd og bilde.

Verdspremiere i New York 4. desember 2010.

Noregspremiere på Chateau Neuf/Oslo 14. januar 2011. Turnépremiere på Lillehammer 17. januar 2011.

På turné med Riksteatret våren 2011 og deretter turné i regi av Den kulturelle skolesekken i Nordland i mars 2011.

Framsyningar: 32

Publikum: 3690

Riksteatret samarbeidde med "Universitetet i Oslo 200 år." Ein føredragsserie med forskrarar og studentar følgte Baby Universe-tourneen og besøkte skoleklasser på vidaregående skolar.



Ill. P.-J. de Villiers

“

Åh, Dick, Dick, Dick!” Aftenposten

“Chicagos farligste mann lykkes på scenen” NRK Nitimen (8 av 10)

# DICKIE DICK DICKENS

Av Rolf og Alexandra Becker

“GLED DERE NORGE!” VG 5  
RADIOTEATRETS STORE HELT HAR GÅTT TIL SCENEN.

Med Johannes Joner, Monica Hjelle, Hans Rønningen,  
Knut Wiulsrød, Christine Stoesen,  
Bo Anders Sundstedt.

Av Rolf og Alexandra Becker

Omsett av Hans Heiberg.

Regi og omarbeidning for figurteater Arvid Ones

Scenografi og dukke- og kostymedesign Jack Marcusen, Trude Bergh, Marianne Forsberg

Originalmusikk Maj & Gunnar Sønstevold

Nye komposisjonar Morten Abel

Lysdesign Anders Busch

Maskedesign Julie A. Clark

Dukkemakarar Sverre Johansen, Marthe Brandt

Noregspremiere på Oslo Nye Teater 17. mars 2011.

Turnépremiere på Gjøvik 31. august 2011.

Eit samarbeid mellom Oslo Nye Teater og Riksteatret.

Framsyningar: 97

Publikum: 19727



foto: Oslo Nye Teater

FOR UNGDOM OG VAKSNE

Kåra til  
”Årets scenekunstprosjekt 2011”  
av avisa Natt & Dag sine lesar.

# JEG VAR FRITZ MOEN

av Arthur Johansen. Omarbeidd av Tine Thomassen, Kjersti Horn og ensemblet.

KVA GJORDE FRITZ MOEN TIL EIT PERFEKT OFFER FOR EIT AV  
NOREGSHISTORIAS MEST OMTALTE JUSTISMORD?

Med Bo Hårdell, Ronny Patrick Jacobsen,  
Emil Johnsen, Are J. Rødsand og Mads Sjøgård

Regi Kjersti Horn  
Scenografi og kostymedesign Erika Magnusson  
Dramaturg Tine Thomassen  
Lysdesign Tobias Leira  
Lyddesign Erik Hedin  
Maskedesign Helge Bjørnå  
Koreografisk assistanse Marianne Kjærsund  
Språkkonsulent norsk teiknspråk Sølvi Z. Fellus  
Konsulent døvekultur Odd-Inge Schröder

Urpremiere i Oslo 21. oktober 2011  
Turnépremiere på Trøndelag Teater 27. oktober 2011  
Samproduksjon Teater Manu og Riksteatret.  
Manus blei utvikla i samarbeid med  
Dramatikkens hus.

Framsyningar: 39  
Publikum: 5170



foto: Chris Erlbeck

“

Hvordan kunne hun være så moderne? Når jeg nå gjenoppdager henne etter ti år, undrer jeg meg fortsatt.”

Ellen Horn om Sigrid Undset i programmet

# UNDSET

av Tine Thomassen og Otto Homlung

ETTER MANGE OPPMODINGAR DROG ELLEN HORN PÅ NY TURNÉ MED PORTRETTET AV SIGRID UNDSET.

Med Ellen Horn

Regi Otto Homlung

Scenografi og kostymedesign Bård Thorbjørnsen

Musikk Ketil Bjørnstad

Lysdesign Espen Solum

Produksjon av projeksjonar Knut Solhaug

Maskedesign Helge Bjørnå

Ny premiere i Oslo 26. oktober 2011


Turnépremiere i Hammerfest 3. november 2011

UNDSET hadde urpremiere i 2002

Framsyningar: 30

Publikum: 9226

Vi inviterte til debatt på Litteraturhuset med tema ”Biografiske dilemmaer”. I panelet sat Ellen Horn, Sigrun Slapgard, Ketil Bjørnstad og Ingar Sletten Kolloen.



“

En vakker og trist reise inn  
i en døende gutts hode”  
Dagbladet

# OSCAR OG DEN ROSA DAMEN

av Eric-Emmanuel Schmitt

EI VAKKER HISTORIE OM Å LEVE MENS EIN LEVER, OM VENSKAP,  
LYKKE OG SORG.

Med Wenche Medbøe

Omsett av Christine Amadou

Redigert til forteljeteater av Wenche Medbøe  
og Liv Borg Thorsen

Regi Liv Borg Thorsen

Musikk Morten Halle

Scenografi og kostyme Iben Sandemose

Turnépremiere i Molde 1. november 2011

Produsert av Det Norske Teatret og Medbøe

Prosjekter. Framsyninga blei spelt på Det Norske  
Teatret høsten 2010. På turné med Riksteatret.

Framsyningar: 13

Publikum: 920

Eric-Emmanuel Schmitt er ein av Frankrikes mest  
leste og omsette forfattarar. Stykka hans er sett  
opp i meir enn 50 land. Riksteatret har tidligare  
spelt Til døden skiller oss ad med Sverre Anker  
Ousdal og Kjersti Holmen. Boka Oscar og den rosa  
damen er selt i 800 000 eksemplar over heile verda.

Etter framsyninga inviterte vi til samtalar  
i foajeen i samarbeid med Kreftforeningen.  
Spesialsjukepleiar Tove Nyenget leia samtalane.



Dramatisering: Wenche Medbøe og Liv Borg Thorsen

Skuespiller: Wenche Medbøe

Instruktør: Liv Borg Thorsen

Scenografi: Iben Sandemose

Musikk: Morten Halle

“

Knutsen & Ludvigsen er  
Public Enemy, Harryter g Bob  
Dylan på en gang!”  
Aslak Borgersrud,  
Gatas Parlament

# KNUTSEN & LUDVIGSEN

av Øystein Dolmen og Gustav Lorentzen i samarbeid med Terje Mærli

RIKSTEATRET HYLLA KNUTSEN & LUDVIGSEN MED EIN FAMILIEMUSIKAL!

Med Øyvind Brandtzæg, Øyvind Angeltveit, Ellen Marie Garåsen, Vibeke Oskal, Tiril Heide-Steen, Ellen Dybvik og Jan Huse. Kapellmester og musikar Morten Reppesgård / Tove Kragset. Musikar Kay Hartvigsen.

Regi Terje Mærli  
Musikalsk ansvarleg Per Christian Revholt  
Scenografi Lars-Erik Lindén  
Kostymedesign Ingrid Nylander  
Lysdesign Morten Reinan  
Maskedesign: Marianne Log

Premiere i Nydalen/Oslo 10. mars. Turnépremiere på  
Otta 14. mars. På turné vår og høst.  
Produsert av Riksteatret i samarbeid med Oslo Nye  
Teater. Blei spela på Oslo Nye Teater i november og  
desember.

Framsyningar: 90  
Publikum: 19750

foto: L-P Lorentz



foto: Jo Michael

# ALBERT ÅBERG

**Av Gunilla Bergström. Dramatisert av Stein Kiran.**

BOMFYTTISØREN SÅ BRA! ALBERT ÅBERG SLUTTAR ALDRI Å GLEDE.

Med Jørn Morstad, Janne Starup Bønes  
og Ingolf Karinen.

Omsett av Tor Åge Bringsværd  
Dramatisert av Stein Kiran  
Regi Stein Kiran  
Scenografi Per Horn  
Dukkedesign Helena von Bergen  
Lysdesign Kristin Tunold-Hanssen  
Musikk Roy Hellvin  
Dramaturg Tine Thomassen

Ny premiere i Nydalen/Oslo 28. februar. Turné-premiere i Bjugn 3. mars. På turné vår og haust.  
Eit samarbeid mellom Oslo Nye Teater og Riksteatret.

Framsyningar: 76

Publikum: 17212



# PULVERHEKSA OG JULENISSEN

**Av Ingunn Aamodt. Dramatisert av Ivar Tindberg**

MAJ BRITT ANDERSEN OG VENER FRÅ PULVERSKOGEN DROG PÅ  
FØRJULSTURNÉ TIL NORD-NOREG

Med Maj Britt Andersen, Ingolf Karinen,  
Bo Anders Sundstedt, Jørn Morstad  
og Janne Starup Bønes.

Regi Ivar Tindberg  
Scenografi og kostymedesign Christine Lohre  
Musikk Geir Holmsen  
Dukkedesign Grete Larssen  
Lysdesign Kristin Tunold-Hanssen.

Sesongstart i Nydalens/Oslo 17. november 2011.  
Turnépremiere i Tromsø 7. desember 2011.

Framsyningar: 30  
Publikum: 10062



foto: Scanpix



# BLOOM

**Av Subjazz**

ENERGISK OG DRIVANDE DANSEFRAMSYNING MED FEM UNGE DANSARAR,  
SOM HELDT WORKSHOP FOR UNGDOM FØR FRAMSYNINGA.

Med Natasha Heggem, Magnus Eide Myhr,  
Aleksandra Sende, Johan Forsberg og Ellen Lindblad.

Koreografi Subjazz  
Scenografi og lysdesign Ola Bråten  
Kostymedesign Signe Vasshus  
Lyddesign Lars Årdal

Med musikk av Nina Simone, Trentemøller,  
Murcof, Paul Oakenfold og Casey Stratton.  
Støtta av: Fond for utøvende kunstnere,  
Norsk kulturråd, Fond for lyd og bilde og  
Oslo kommune. Presentert i samarbeid  
med Riksteatret.

Ny premiere på Dansens Hus/Oslo 17. mars.  
Turnépremiere i Sandnes 23. mars.

Framsyningar: 28  
Publikum: 4619



# Bloom

av SUBJAZZ

Dansere: Natasha Heggem, Magnus Eide Myhr, Aleksandra Sende, Johan Forsberg og Ellen Lindblad.  
Koreografi Subjazz. Scenografi & lydsdesign Ola Bråten. Kostymedesign Signe Vasshus. Lyddesign Lars Årdal.  
Støttet av: Fond for utøvende kunstnere, Norsk kulturråd, Fond for lyd og bilde, Oslo kommune.  
[www.riksteatret.no](http://www.riksteatret.no) / [www.subjazz.no](http://www.subjazz.no)

**“Ellen Horn som sjef ved Riksteatret, har denne høsten valgt å sende ut forestillingen The man at the tramstop til 25 steder med start i Sogndal i kveld. Det er et meget spesielt valg, og et valg som er ganske modig.**

**Fredrik Rütter, VG**

# THE MAN AT THE TRAMSTOP

**av TOYBOYS**

MODIG OG RØRANDE FRAMSYNING INSPIRERT AV EIT DIKT AV ALF PRØYSEN.

Med Terje Tjøme Mossige og Ulf Nilseng.  
Musiker Anders Rogg / Egil Berg.

Koreografi Terje Tjøme Mossige og Ulf Nilseng  
Scenografi og video Jan Steinum  
Kostymedesign Antti Bjørn  
Lysdesign Kyrre Heldal Karlsen

Framsyninga er produsert med støtte frå: Norsk kulturråd, Fond for lyd og bilde og Fond for utøvende kunstnere.

Nypremiere i Oslo/Nydalens 7. oktober 2011.  
Turnépremiere i Sogndal 10. oktober 2011.

Framsyningar: 27  
Publikum: 1193





foto: Kim Selve

# ÅRSRAPPORT FOR 2011

## 1. Arsreknskap

Rekneskapen for 2011 følgjer på side 21. Netto mindreutgifter i 2011 var 8,270 mill.

Inntekter og refusjonar utgjorde totalt 25,3 mill, mot 29,7 mill i 2010.

Riksteatret har hatt eit normalår med omsyn til billettsal og besök. Totalt utgjorde billettinntektene i 2011 18,5 mill, mot 21,6 mill i 2010, og 13 mill i 2009. Samanlikna med rekordåret 2010, viser 2011 ein nedgang i både besök, billettinntekter og billettpolis. Trass i dette er 2011 et jamt godt år, med mange produksjonar med godt besök. Snittprisen per billett var særleg høg i 2010, kr 178,-, på grunn av høgt publikumssnittal. I 2011 var snittprisen 160,-, noko høgare enn det som har vore ein relativt stabil snittpris på om lag 145-150,- i ei årrekke. 2011 var eit år med fleire godt besøkte vaksenframsyningar (Evig ung, Meg eier ingen og UNDSET) og dette førde til at snittprisen auka. Refusjon frå trygdeforvaltinga på post 332415-19 utgjorde 2,257 mill. Årsaka til det høge totalnivået er fleire einskildtilfelle av langtidssjukdom.

Driftsutgiftene utgjorde totalt brutto 128,4 mill, mot totalt brutto på post 01 + post 21 på kr 130,4 mill.

Underforbruket er som planlagt: Riksteatrets mål for 2011 var ein reserve på 8 millionar, og teatret har i dei interne budsjetta sine derfor ikkje disponert heile løyving. Snautt 7,7 millionar av reserven var overførde midlar frå 2010.

Vi vil søkje om å overføre mindreutgifta på 8,270 mill til 2012-tilskotet. Av dette skal 8 millionar ikkje disponerast i dei interne budsjetta til teatret, men danne ein permanent reserve for å handtere usikkerheit knytt til billettinntekter, og anna som kan påverke teatrets økonomi vesentleg, jfr. KUDs målsetting med endring av tilskotsstruktur frå og med 2009.

Riksteatret har frå 2010/2011 innført ny prosjekt- og risikostyringsmodell, for å sikre styring og god produksjonsgjennomføring. I løpet av 2011 er modellen sett i verk fullt ut, og alle produksjonane blir nå styrde av produsentar. Teatret har òg, som ein del av modellen, innført nye risikostyringsverktøy og ein løpende avvikskontroll. Vi har i 2011 oppnådd måla våre for året og gjennomført ei vellykka organisasjons- og arbeids-

endring. Med ein kapitalreserve på 8 millionar vil teatret ha større kunstnarleg handlefridom framover.

Teatret har rapportert til både styret og til KUD i samsvar med dei krava som er pålagde i tildelingsbrevet. Sjå meir detaljert utgjering under ressursbruk.

Nokre nøkkeltal for verksemda for 2010 og 2011, og budsjettal for 2012.

	2010	2011	Bud 2012
Utgiftsløyving, brutto totalt	126 230	130 419	133 460
Inntektskrav	-26 003	-26 809	-27 640
<b>Nettoløyving</b>	<b>100 227</b>	<b>103 610</b>	<b>105 820</b>

Rekneskapsførde utgifter	122 270	128 386	132 374
Rekneskapsførde inntekter og refusjonar	-29 738	-25 351	-26 408
<b>Rekneskapsførde nettoutgifter</b>	<b>92 532</b>	<b>103 035</b>	<b>105 967</b>

	2010	2011	2012
Utgifter direkte knytt til prosjekta Del av prosjektutgifter i % av bruttokost	56 357 46 %	56 459 44 %	60 670 46 %
Samla inntekter	29 738	25 351	26 408
Inntekter i % av bruttokostnad	24,0 %	19,7 %	20,0 %
Snitt billettpolis	178,-	160,-	156,-

2011 var eit år med

- Kunstnarlege høgdepunkt og godt publikumsbesök
- Høg grad av samarbeid med andre institusjonar
- God gjennomføring og god avvikskontroll

## **2. Resultatrapport**

- Eit profesjonelt tilbod av teater-, opera- og danseframsyningar, og andre sceneuttrykk over heile landet**

Riksteatret har i 2011 spelt 586 framsyningar fordelt på 13 produksjonar.

Framsyningane har besøkt spelestader i heile Noreg, og er sett av eit samla publikum på 125 180. Oslo Nye Teater (ONT) var hovudsamarbeidsteatret vårt, med fleire samproduksjonar som blei spelte både på turné og i Oslo. Året var prega av mange nysatsingar og kunstnarleg dristige prosjekt; urpremierane Jeg var Fritz Moen og Dickie Dick Dickens, og Meg eier ingen peiker seg ut. Figurteatret var ein viktig del av repertoaret, med i alt fire ulike nye produksjonar som blei sett opp på nytt. UNDSET var eit vellykka gjensyn med ein av teatrets største suksessar nokonsinne.

Vi spelte i 2011 på 69 faste spelestader, og har levert eit godt og variert repertoire på kvar stad. Arrangørstrategien som blei vedtatt frå og med 2010 er nå sett i verk fullt ut. Vi har hatt godt besøk på turné, og har hatt tett kontakt med arrangørane.

Av årets produksjonar var ni eigenproduksjonar. Fem produksjonar var samarbeidsproduksjonar med ONT (tre), Teater Manu (éin) og Det Norske Teatret (éin). Vidare var det samarbeid med DNT/Medbøe Produksjoner (éi innkjøpt framsyning).

I tillegg var det to framsyningar frå frie, profesjonelle grupper; Subjazz og Toyboys (begge dans).

- Høg kvalitet gjennom utvikling og fornying**

Sjå omtale av repertoar på sidene 4 til 15,

- Nå alle i landet**

Riksteatret har hatt eit godt besøk i 2011, med 125 180 besøkande. Av desse var 21 540 på samarbeidsteatret ONTs scene med felles framsyningar (desse blir talde med i totaltalet i samsvar med NTs prinsipp for statistikk). På eigen scene har vi hatt 103 640 besøkande, 95 426 av dei på turné.

Dette er ein nedgang frå rekordåret 2010, men likevel eit solid nivå som viser god oppslutnad. Det har vore uvanleg stor breidd i årets framsyningar, både når det gjeld sjanger og ulike målgrupper.

Dette har gitt publikum mykje å velje mellom, og profilerte skodespelarar og gode kritikkar har medverka til eit attraktivt tilbod. Riksteatret er særleg avhengig av mykje merksemd i media sidan vi berre speler éin dag kvar stad, og eit systematisk informasjons- og marknadsarbeid over tid bygger Riksteatret som merkevare. Vi arbeider med å utvikle nye nettsider og ny designprofil for å leggje betre til rette for publikum. Dette vil bli gjennomført i løpet av første halvår av 2012.

Samarbeidet med arrangørane er tett, og vi har lagt større vekt på å vere aktive ute på spelestaden, både i oppfølging av arrangørar og i kontakt med lokale styremakter og aktørar på kulturfeltet. Profesjonaliteten i publikumsbygginga er svært varierande, og ein del av oppgåva vår blir å bidra til å auke kompetanse i å inkludere eit breitt publikum. Eit av tiltaka er halvårlege, faglege arrangørsamlingar som skal føre til auka kunnskap og nettverksbygging.

Publikumsarbeidet overfor barn og unge rettar seg dels mot individ og familier, og dels mot skolane. Sponsoren vår DNB har stilt eit billettford til disposisjon for skolane. Etter søknad blir det delt ut 3000 gratis billettar, primært til vidaregående skolar. Ordninga blei gjennomført for andre gong i 2011, og byrjar nå å bli godt kjent. Det kjem derfor fleire søker, og det fører òg til at skolane sjølv kjøper tilleggsbillettar.

Riksteatret har fylkesavtalar med DKS i Finnmark, Nord-Trøndelag, Oppland og Nordland, og DKS kjøper billettar til einskildframsyningar der det er kort avstand mellom spelestad og skole. Men volumet er lågt, berre 1085 billettar, og vi slit med å få logistikken og dei mange krava frå DKS til å møtast i ei god løysning. Billettfordet til DNB er både for oss og skolane ein meir effektiv og rimeleg måte å få elevane inn i teatret på, paradoksalt nok.

# ÅRSRAPPORT FOR 2011

## Større mangfold

Riksteatret har i mangfaldstrategien sin tre hovudsatsingsområde: mangfald i kunstnarleg utvikling, i publikumsutvikling og i rekruttering. Det er oppnemt ein prosjektansvarleg for mangfald som koordinerer arbeidet, og som òg har kontakt med ulike eksterne miljø og nettverk.

Riksteatret har lagt ein brei definisjon av mangfald til grunn, ref. Inkluderingsmeldinga.

Det viktigaste mangfaldsprosjektet vårt i 2011 var utan tvil samarbeidet med Teater Manu om framsyninga Jeg var Fritz Moen. I tillegg til å vere eit kunstnarleg mangfaldig og svært vellykka prosjekt, gav det publikum ein unik sjanse til å få innsikt i utfordringane til dei døve. For Riksteatrets del blei vi kjent med ein minoritetskultur og lærte teiknspråk og kommunikasjon med døve. Som organisa.

## Effektiv ressursutnytting

2011 var planlagt som eit år med stram ressursbruk, og mykje arbeid blei lagt ned i å tilpasse planar og aktivitetar innanfor ei risikoramme teatret syntest var akseptabel. Dette innebar mellom anna mykje samarbeid og mange samproduksjon, kombinasjonar av nyproduksjon og gjenoptakingar og turnear som spelte ekstra mange framsyningar spreidde over to sesongar. Med slike løysninger var det muleg å gjennomføre eit ambisiøst og mangfaldig kunstnarleg program og mange produksjonar (13). Brutto prosjektutgifter var 56,4 mill mot 56 mill i 2010.

Teatrets øvrige driftskostnader utgjorde brutto 71,9 mill, mot 65,9 mill i 2010. Stigena var primært eit resultat av lønnsoppgrader dette året, i tillegg til meir bruk av vikarar på grunn av langtidssjukmelde (tilsvarande auke i sjukepengerefusjon), pluss noko større teknisk mannskap.

Prosjektmodellen er det viktigaste tiltaket teatret har sett i verk for å betre ressursforvaltinga. Produsentstyring er innført

fullt ut, og organisasjonen har vist vilje til å endre seg. Det nye regimet utfordrar både etablerte roller og strukturer, men har mange klare fordelar på alle nivå. Vi har fått ein tydeligare vedtaksstruktur, og mindre detaljstyring. Fleire av aktivitetane skjer i samsvar med planen, og med færre avvik. Planleggingshorisonten er forlenga med om lag seks månader. Dette fører til at vi oppdagar problem tidligare, og har større fleksibilitet til å løyse dei. Avvikskontrollsystema fungerer svært tilfredsstillande.

Riksteatret gjer kvart år ein ny overordna risikoanalyse. I tillegg har vi i 2011 utarbeidd eit porteføljestyrysverktøy som blir brukt til å vurdere risiko i produksjonane. Grunnlaget for porteføljestyringa er usikkerheitskartet kvar produksjon har. I sum vil dei gi ei risikoeksponering som vi vurderer mot m.a. ressurssituasjonen. Ut frå resultata av denne analysen, kan vi setje i verk tiltak som reduserer den økonomiske risikoen.

Prosjektmodellen har i seg sjølv resultert i ei meir målretta og tydeligare organisering av teatret. Det er færre personar i det øvste leiingssjiktet, og meir ansvar er delegert ut i organisasjonen.

Riksteatret har frå 2009 innført eigne etiske retningslinjer for verksemda, og set med jamne mellomrom i verk tiltak for at innhaldet i desse retningslinjene og Statens etiske retningslinjer blir følgde. Teatret har eigne varslingsrutinar som heile organisasjonen er blitt informert om.

Riksteatret er ei IA-bedrift, og har hausten 2011 utarbeidd ein ny IA-plan gjeldande frå 2012.

Planen inneholder ei rekke tiltak for å nå dei tre hovudmåla:

- Å få sjukefråveret permanent under 5 %
- Å få eldre arbeidstakarar til å stå lenger i jobb
- Oppfølging, tilrettelegging og rekruttering av personar med redusert funksjonsevne

### **3. Likestilling**

Riksteatret har medvite prøvd å få til ein balanse mellom kjønna i alle avdelingane. Øvste leiarnivå er sett saman av fem kvinner og fem menn (pr 1.1.2012). Teatret som heilskap har ei jamn kjønnsfordeling. Det er ein viss kjønnsskilnad i avdelingane. På teknisk side har vi til dømes litt færre kvinner, mens vi på administrativ side har tilsvarende overvekt. Men utviklinga går mot betre balanse fordi kjønnslikevekt har vore vektlagt ved rekruttering. Vi har òg arbeidd internt for å utvikle mindre kjønnsspesifikke arbeidsdelingar innanfor avdelingane, og har som følgje av dette sett større innslag av utradisjonelle roller, m.a. i teknisk avdeling. Det er små lønnsskilnader mellom kvinner og menn.

### **4. Systematiske brukarundersøkingar**

Riksteatret har ein tett kontakt med publikummet sitt, både via arrangørane våre, og direkte til teatret. Publikum gir tilbakemeldingar via e-post, Facebook og andre sosiale medium, i tillegg til verbal kontakt i samband med framsyningane. Vi har òg nokre meir systematiske brukarkanalar:

Riksteatret gjer jamlege brukarundersøkingar både mot publikum og mot arrangørane våre.

Oslo, 9.februar 2012


Riksteatrets styre:



Marit Reutz  
(s.)



Shanti Brahmachari  
(s.)



Astrid Arnøy  
(s.)




Bo Anders Sundstedt  
(s.)



Stephan L. Jervell  
(s.)



Trond Hannemyr  
(s.)



Kristin Tunold-Hanssen  
(s.)

### **5. IKT-arkitektur**

Riksteatret leverer ingen offentlege tenester som krev pålogging på offentlege system som Altinn eller andre portalar. Teatrets kommunikasjon med publikum skal vere så open, enkel og sikker som muleg. Publikum ønskjer god og lett tilgjengeleg informasjon om teatrets framsyningar, og dei får det i dag gjennom teatrets nettsider [www.riksteatret.no](http://www.riksteatret.no). Her er det òg lagt til rette for elektronisk billettkjøp, med tilgang til billettsistema til dei ulike kulturhusa.

Riksteatret gjennomførde ikkje nye IT-prosjekt i 2011 som blei omfatta av IKT-arkitekturprinsippa for offentleg sektor.

### **6. Miljøarbeid**

Riksteatret har i 2011 i samarbeidd med Rikskonsertane og Avantor (driftsansvarleg), gjennomført eit prosjekt for å få ned energiforbruket i huset i Nydalen. Grunnlaget var ein Enøkrapport av selskapet Evotek, som identifiserte kortsliktige tiltak for å redusere energiforbruket. Oppstart var februar 2011, og gjennom året har Rikskonsertane og Riksteatret saman redusert energiforbruket med 30 %, trass i ein svært kald vinter. Riksteatret aleine har spart over 600 000 kroner. Denne store, positive miljø- og økonomiske vinsten gir inspirasjon til vidare tiltak.



Dennis Størhøi



Trude Øines



Yngve Berven



Brit Elisabeth Haagensli



Stein Grønli



Ingrid Enger Damon



Linda Tørklep



Anders Rogg



Charlotte Frogner



Thomas Bye



Gjertrud Jyngje



Hallvard Holmen



Marit Kolbræk



Trond Høvik



Ingrid Jørgensen Dragland



Håkon Moe



Kirjan Waage



Wenche Medbøe



Ingolf Karinen



Bo Anders Sundstedt




Kai Kenneth Hanson



Ellen Horn



Hans Rønningen



Johannes Joner



Christine Stoesen



Knut Wiulsrød



Monica Hjelle



Ellen Dybvik



Øyvind Angeltveit



Øyvind Brandtzæg



Ellen Marie Garåsen



Vibeke Oskal



Jan Huse



Tiril Heide-Steen



Morten Reppesgård




Emil Johnsen



Mads Sjogård



Ronny Patrick Jacobsen



Dennis Størhøi



Are J. Rødsand



Kay Hartvigsen



Tove Kragset



Magnus Eide Myhr



Johan Forsberg



Ellen Lindblad



Natsha Heggen



Aleksandra Sende



Terje Tjøme Mossige



Ulf Nilseng



Maj Britt Andersen



Jørn Morstad



Janne Starup Bønes



**Skuespillere, dansere og musikere  
på turné i 2011**

# RIKSTEATRET - REKNESKAP 2011

## Driftsutgifter

01-11 Stillingar	42 013
01-12 Ekstrahjelp	178
01-13 Bistillingar	29
01-17 Styrer, råd, utval	129
01-18 Trygder, pensjonar	5 656
<b>011 Sum lønn og godtigjersler</b>	<b>48 005</b>
01-21 Maskiner, inventar, utstyr	2 834
01-22 Forbruksmateriell	1 246
01-23 Reiseutgifter m.v.	3 075
01-24 Kontortenester m.v.	1 959
01-25 Konsulenttenester m.v.	1 487
01-26 Databehandlingstenester	1 527
01-27 Vedlikehald, drift av maskiner m.v.	814
01-28 Vedlikehald av bygg og anlegg	1 526
01-29 Drift av bygningar, lokaleige	9 454
<b>'012 Sum varer og tenester</b>	<b>23 922</b>
<b>011-013 Rekneskap - sum driftsutgifter</b>	<b>71 927</b>
<b>01 Løyving - sum driftsutgifter</b>	<b>71 972</b>
<b>011-012 Mindreutgift i forhold til løying</b>	<b>45</b>
21-11 Stillingar	12 739
21-12 Ekstrahjelp	63
21-13 Honorar	1 632
21-17 Styrer, råd, utval	
21-18 Trygder, pensjonar	2 053
<b>011 Sum lønn og godtigjersler</b>	<b>16 487</b>
21-21 Maskiner, inventar, utstyr	0
21-22 Forbruksmateriell	1 542
21-23 Reiseutgifter m.v.	18 815
21-24 Kontortenester m.v.	5 067
21-25 Konsulenttenester m.v.	8 610
21-26 Databehandlingstenester	0
21-27 Vedlikehald, drift av maskiner m.v.	0
21-28 Vedlikehald av bygg og anlegg	0
21-29 Drift av bygningar, lokaleige	5 938
<b>'012 Sum varer og tenester</b>	<b>39 972</b>
<b>011-013 Rekneskap - sum driftsutgifter</b>	<b>56 458</b>
<b>21 Løyving - sum driftsutgifter</b>	<b>66 142</b>
<b>011-012 Mindreutgift i forhold til løying</b>	<b>9 683</b>
<b>Inntekter</b>	
01 Diverse inntekter	95
01 Inntektskrav	106
<b>01 Mindreinntekt i forhold til inntektskrav</b>	<b>-11</b>
15 Refusjon arbeidsmarknadstiltak	0
16 Refusjon fødselspengar	307
17 Refusjon lærlingar	18
18 Refusjon sjukepengar	1 932
<b>01-018 Sum inntekter</b>	<b>2 257</b>
<b>01-018 Sum meirinntekter</b>	<b>2 246</b>
02 Diverse inntekter	22 999
02 Inntektskrav	26 703
<b>02 Mindreinntekt i forhold til inntektskrav</b>	<b>-3 704</b>
15 Refusjon arbeidsmarknadstiltak	
16 Refusjon fødselspengar	
18 Refusjon sjukepengar	
<b>02-018 Sum inntekter</b>	<b>0</b>
<b>02-018 Sum mindreinntekter</b>	<b>-3 704</b>
<b>Årsresultat - netto mindreutgifter</b>	<b>8 270</b>

# TAL PUBLIKUM PR FYLKE



# TAL FRAM- SYNINGAR PR FYLKE

\*Inkluderer samarbeidsframserningar og gjestespel på Oslo Nye Teater, Dansens Hus, Chateau Neuf, Nationaltheatret og Maxim Gorki Theater i Berlin.

<b>Produksjon</b>	<b>Ant. forestillinger</b>	<b>Publikumsbesøk</b>	<b>% av totalbesøk</b>
Albert Åberg	76	17212	14 %
Baby Universe	32	3690	3 %
Bloom	28	4619	4 %
Dickie Dick Dickens	97	19727	16 %
Evig ung	52	16724	13 %
Jeg var Fritz Moen	39	5170	4 %
Knutsen & Ludvigsen	90	19750	16 %
Meg eier ingen	50	15031	12 %
Natta, mamma	22	1856	1 %
Oscar og den rosa damen	13	920	1 %
Pulverhekxa og julenissen	30	10062	8 %
The man at the tramstop	27	1193	1 %
UNDSET	30	9226	7 %
<b>Totalt</b>	<b>586</b>	<b>125180</b>	<b>100 %</b>

## PROSENT AV TOTAL




Foto framside: Fredrik Arff

Foto bakside: Chris Erlbeck

I redaksjonen: Ellen Horn, Åse Ryvarden og Mette H. Blom.

Opplag: 1000. Trykk: Borg as



DNB

RIKSTEATRET

[www.riksteatret.no](http://www.riksteatret.no)